



SELJORD KOMMUNE
Rådmannen

Arkivkode: A10 &00
Saksbeh.: Oddvar Hallaråker
Direkte tel: 35 06 51 05
Vår ref: 05/00021-1
Dato: 05.01.2005

Barne- og familiedepartementet
Postboks 8036 Dep
0030 OSLO

330.00

2004/04169
- 099

**HØYRINGSUTTALE OM NY BARNEHAGELOV FRÅ
SELJORD KOMMUNE**

Vi viser til høyringsnotat om ny barnehagelov og følgjeskriv av 09.11.2004, frå Barne- og familiedepartementet.

Innleiingsvis i følgjeskrivet frå departementet er det sagt:

"Hovudformålet med barnehageloven er å bidra til at barna får omsorg og et godt pedagogisk tilbud. Regelverket skal sikre høy kvalitet i barnehagetilbudet, samtidig som det skal legges til rette for lokal utforming av kvalitetskrav mv."

Seljord kommune er redd for at det framlagde forslag til ny barnehagelov ikkje vil medverke til å fremme kvaliteten i barnehagen og utvikle barnehagen som eit godt pedagogisk tilbud.

Det synest å vere to hovudretningar i synet på barnehagar i Noreg.

Den eine går på at barnehagen primært skal vere eit pedagogisk tilbod der kvalitet står i høgsetet. Barnehagen si oppgåve er å gje barna ei positiv utvikling som både inkluderer ein eigenverdi og ei utviklingslinje. Det betyr at barnehagen skal gje barna ei positiv oppleving mens dei er i barnehagen, samtidig som barnehagen har opplegg som går på å utvikle barna med tanke på framtida.

Seljord kommune har både politisk og administrativt vedtatt å følgje denne retninga for sine barnehagar.

Dette har ein mellom anna gjort ved å gjennomføre ulike kvalitetsfremmande tiltak, som til dømes 2 førskulelærarar pr. avdeling.

Den andre hovudretninga går på at barnehagen skal ta vare på barna, først og fremst fordi foreldra må ut i arbeidslivet og ikkje har høve til å vere heime å ta seg av dei sjølve.

Sagt på ein noko spissformulert måte så er barnehagen eit nødvendig andrealternativ.

I ein slik samanheng er kvaliteten i barnehagen ikkje eit prioritert tema, men effektivitet og økonomi blir sentrale nøkkelomgrep. Det blir eit mål å få mest muleg barnehage ut av pengane utan omsyn til innhald og kvalitet.

Det kan synast som om framlegget til ny barnehagelov har klare element i seg av dette synet på barnehagar.

Hovudgrunngeving for denne påstanden ligg i at ein i forslaget foretar ei vurdering, der eit alternativ er reduksjon, av to av dei pilarane som opplevast som ei sikring av kvaliteten i barnehagen:

1. Kravet til førskulelærerutdanning som grunnlaget for den faglege kvaliteten i barnehagen.
2. Kravet til ei minste arealnorm for at barnehagen skal ha tilfredstillande opphalds- og lekeareal.

Kommentarar til enkelte punkt i forslaget

§ 2. Innhaldet i barnehagen.

Forslaget til ny lov legg opp til ei lovfesta detaljutforming av innhaldet i barnehagen. Dette skjer sjølv om det i den same paragrafen blir sagt at departementet skal fastsetje ein rammeplan for barnehagen som skal gje retningslinjer for oppgåver og innhald. Dersom barnehagen skal ha ein rammeplan, bør ein ikkje ha ei detaljregulering av innhald i barnehagelova.

§ 3. Barna sin rett til medverknad.

Det ligg klart ein positiv intensjon bak forslaget i § 3, barna sin rett til medverknad. Seljord kommune er derimot usikker på om det vil vere muleg å realisere denne medverknad. Dersom ein meiner at den medverknad lova legg opp til, ikkje er realistisk, skal ein heller ikkje etter Seljord kommune si mening, ta paragrafen med i lova.

§ 4. Foreldreråd og samarbeidsutval.

Seljord kommune er glad for at det formaliserte samarbeidet med foreldra gjennom foreldreråd og samarbeidsutval, bli vidareført. Innan skulesektoren legg Stortingsmelding nr. 30 opp til ei utvikling i motsatt retning. I Seljord kommune har vi erfaring med at samarbeid og forståing mellom heim og barnehage er ein avgjerande føresetnad for å få til ein god barnehage.

§ 6. Godkjenningsplikt.

Seljord kommune er positiv for den innskjerping som er foreslått tatt inn i § 6, godkjenningsplikt.

§ 8. Kommunen sitt ansvar.

Seljord kommune stiller seg undrande til at ei administrativ ordning med å opprette og føre register for trygdekontora i samband med kontantstøtta, treng å lovfestast. Dette må staten kunne få kommunane til å gjere utan å måtte ta det inn i lova. Lovregulering av eit område må avgrensast til oppgåver som er sær viktige. Når ein lovfestar den type av oppgåver som her er gjort, kan det lett føre til at respekten for lovverket vil redusert.

§ 10. Godkjenning.

Seljord kommune er positiv til den endring som er gjort i § 10, Godkjenning.

Kapittel V. Personalet.

Seljord kommune registrerer med forundring forslaga i kapittel V. Personalet. Samla sett representerer forslaga ein reduksjon både av krav til pedagogisk bemanning og til norm for førskulelærardekning.

Seljord kommune vil på det sterkaste ta avstand frå og åtvare mot ei slik utvikling.

Krav til pedagogisk kompetanse.

I Noreg har vi ein spesialkompetanse og utdanningsretning som er særskilt innretta på pedagogisk arbeid i barnehagen, nemleg førskulelærerutdanning.

Det er difor med undring ein registrerer at sentrale styresmakter for tida synes å gjere alt dei kan, for å undergrave denne utdanninga.

Dette kjem for det første til syne ved at fleire av alternativa i kapittel 5, ikkje stiller formelle krav til pedagogisk kompetanse generelt eller førskulelærarkompetanse spesielt.

Ein registrerer vidare at ein i forslaga konsekvent sidestiller førskulelærarkompetanse med annan 3-årig pedagogisk utdanning med 1 års vidareutdanning i barnehagepedagogikk.

Dette kan opplevast som ei nedvurdering av førskulelærerutdanninga som utdanningsretning og førskulelærarane som yrkesgruppe.

Dispensasjon frå utdanningskravet.

Gjeldande lov gjev høve til mellombels dispensasjon frå utdanningskravet. Dette kan vere nødvendig i situasjonen der ein ikkje har søkjarar som fyller kompetansekravet.

At det no blir gjort framlegg om at kommunane på permanent basis kan dispensere frå utdanningskravet, tar Seljord kommune på det sterkaste avstand frå.

Dette kan i verste fall resultere i at ein kommune kan opne for drift av barnehagar utan pedagogisk bemanning.

Norm for pedagogisk bemanning.

I forskrift til gjeldande lov er det krav om ein pedagogisk leiar pr. 14-18 (7-9) barn.

I Seljord kommune har vi hatt ei kommunal norm på 2 førskulelærarar pr avdeling (18/9 barn) sidan praktikantordninga vart oppheva.

På bakgrunn av dei svært positive erfaringar kommunen har, også basert på eintydige tilbakemeldingar frå foreldra, med den utvida førskulelærardekninga når det gjeld å utvide barnehagen som eit pedagogisk tilbod, vil Seljord kommune gå inn for ei lovfesta norm på ein førskulelærer pr. 10-14 (5-7) barn som er til stades samstundes.

Det er i denne samanheng naturleg å peike på at Noreg ligg lågt i internasjonal samanheng når det gjeld pedagogdekning i barnehagen.

Forslag:

Med bakgrunn i det som er framført ovanfor, gjer Seljord kommune framlegg til følgjande ordlyd i § 18 og § 19:

”§ 18. Leiing:

Barnehagen skal ha en forsvarlig pedagogisk og administrativ ledelse.

Barnehagen skal ha en daglig leder som har utdanning som førskolelærer.

Når barnehage og grunnskole er organisert som en mindre virksomhet, kan skolens rektor være daglig leder for barnehagen.

Kommunen kan i særlige tilfeller gi midlertidig dispensasjon fra utdanningskravet etter andre ledd.”

”§ 19. Barnehagens øvrige personale:

Bemanningen skal bestå av førskolelærere og annet egnet personale.

Bemanningen må være tilstrekkelig til at personalet kan drive en tilfredstillende pedagogisk virksomhet.

Kommunen kan gi midlertidig dispensasjon fra utdanningskravet i første ledd.

Departementet gir utfyllende forskrifter om pedagogisk bemanning.

Forskriftene tar utgangspunkt i en grunnbemanning på en førskolelærer pr. 10-14 (5-7) barn som er til stede samtidig.

Norm for leike- og opphaldsareal.


Seljord kommune reagerer med undring på at krav til vedtekter for barnehagen er tatt ut av lovteksten.

Då vedtektene var det styringsdokumentet som skulle omhandle arealnormer for barnehagen, så representerer denne endringa det andre hovudangrepet som lovforslaget representerer for kvaliteten i barnehagen.

Ikkje minst vil dårleg kommuneøkonomi gje grunnlag for at det kan skje ein kvalitetsreduksjon på dette området.

Seljord kommune vil difor på det sterkaste tilrå at gjeldande arealnormer vert vidareført.

Med vennleg helsing
for Seljord kommune


Oddvar Hallaråker
kommunalsjef

Kopi: Kommunanes Sentralforbund.
Fylkesmannen i Telemark, Barnehage- og utdanningsavdelinga.